



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Energi Teknikk AS
Kopakaien
5464 DIMMELSVIK

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **03 FEB. 2010**
Vår ref.: NVE 200903291-6 rv/ias
Arkiv: 311 /041
Dykkar dato: 08.06.2009
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Katarina Eftevand
57 83 36 74

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Viskjer kraftverk i Etne kommune, Hordaland fylke - vedtak om vidare sakshandsaming

Vi viser til Dykkar melding av 08.06.2009 om planar for bygging av Viskjer kraftverk og synfaring, 10.12.2009. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slik skade eller ulempe for allmenne interesser at det er naudsynt med konsesjon etter vassressurslova § 8.

NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Følgjande føresetnader gjeld for vedtaket:

- Tiltaket vert sett i verk i samsvar med dei planane som tiltakshavar har lagt fram, vi viser til opplysningar om tiltaket under.
- Med kraftverket i drift skal det til ei kvar tid sikrast at det blir slept forbi inntaket ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring.
- Føresetnaden er vidare at arbeidet vert starta opp seinast fem år frå vedtaksdato og fullført innan ytterlegare fem år, jf. vassressurslova §§ 18 og 27.

Grunngjeving for vedtaket

NVE finn saka tilstrekkeleg opplyst til at vi kan gjere vedtak etter vassressurslova.

Omsøkt tiltak gjeld bygging av kraftverk i Viskjerelva med avløp i Åkrafjorden. Viskjerelva er ikkje særleg eksponert i landskapet og har ikkje stor verdi som fiskeelv. Det er heller ikkje viktige friluftsinteresser i influensområdet. Terrenget er bratt og det er tett lauv- og furuskog på begge sider av elva. Området er prega av tekniske inngrep i form av to kraftlinjer.

NVE sluttar seg til fylkesmannen sin konklusjon når det gjeld verknad av vassdragsinngrepa for allmenne interesser i vassdraget. Dei tekniske inngrepa er etter vår meining relativt store, men desse

kan handterast gjennom kommunen si oppfølging av prosjektet i plan- og byggefasen, jf. uttale frå fylkesmannen og Etne kommune.

Opplysningar om utbygginga

Nedbørfeltet sin storleik: 3,4 km²

Middelvassføring ved inntaket: 306 l/s

Alminneleg lågvassføring: 15 l/s

Planlagd minstevassføring på elvestrekninga som vert påverka: 15 l/s

Maksimal driftsvassføring: 620 l/s

Minste driftsvassføring: 30 l/s

Inntak kote: 475 ; Avløp kote: 20

Fallhøgde: 455 m

Maksimal yting: 2400 kW

Midlare årsproduksjon: 9,9 GWh/år

Etne kommune uttalte i e-post datert 22.12.2009 følgjande *"Viskjerelva ser ut å være blant de minst konfliktfylke av elvene i Åkrafjorden...Nedre del av Viskjerelva er ikkje viktig som gyteelv og er heller ikkje av de mest eksponerte i landskapet, både pga skog og retninga på den litt opp lia..."*

Fylkesmannen si fråsegn *"Vassdragsinngrepet med bygging av dam og stasjon samt redusert vassføring er etter vår vurdering ikkje til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget. Til vidare sakshandsaming må vi peike på at planlagt prosjekt har store utfordringar med omsyn til landskapet. Vi forventar difor at landskapsvurdering og terrengtilpassing er sentrale tema i vidare sakshandsaming, og at framtidige plandokument er detaljerte både i høve til visualisering, plassering og utforming av veg, stasjon og røytrase."*

Vidare sakshandsaming

NVE si konklusjon byggjar på dei opplysningane som er gjeve frå tiltakshavar. Ved endringar i planane må ny melding sendast såleis at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt. Utbygging i strid med føresetnadene for vedtaket vil vera brot på vassressurslova og kan krevjast retta (vassressurslova § 59) og/eller straffast (vassressurslova kap. 13).

Vi understrekar at vårt vedtak ikkje inneber løyve til bygging. Saka må òg avklarast i høve til reglane i plan- og bygningslova. Kommunen skal fyrst vurdere utbygginga i høve til gjeldande arealplan for området, og fastsetje om det må lagast ny reguleringsplan for utbyggingsområdet eller om det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande arealplan. Saka må så handsamast som ei byggesak. De må sjølve ta kontakt med kommunen for å få avklara dette, og få dei naudsynte løyver.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørge for naudsynte avklaringar. For slik avklaring anbefaler vi at det tas kontakt med lokal områdekonsesjonær.

Vidare gjer vi merksam på at sjølv om kraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld reglane i lova si § 5 om aktsemd og § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Vi gjer merksam på at De sjølv må ordna tilhøva til dei private interessene som eventuelt blir skadelidande som følgje av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva, dvs. om De har fallrettane, om andre har vassuttak som blir påverka o l.

Anleggseigar (tiltakshavar) må vidare gjere ei vurdering av brotkonsekvensar for dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Skjema for klassifisering og forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg følgjer vedlagt. Vedtak om klasse blir gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og røyr i klasse 3, 2 eller 1 må prosjekterast av rådgjevar godkjend av NVE og i samsvar med reglane i forskrift om tryggleik og tilsyn med vassdragsanlegg.


Har kraftverket ei merkeyting over/lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på internettadressa: "www.toll.no". Rundskrivet kan ein òg få på næraste tollstad.

Skjema for igangsetjing er lagt ved, og sendast NVE når kraftverket er sett i drift.


Klage på vedtak

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Gunnstein Brakestad
regionsjef



Katarina Eftevand
overingeniør

Kopi: Etne kommune, Boks 54, 5590 ETNE
Fylkesmannen i Hordaland, Boks 7310, 5020 BERGEN